



- eit fyrstårn i vest

Alkoholpolitisk handlingsplan

2020-2024



Øygarden kommune si overordna målsetjing er å arbeide for å redusere dei negative konsekvensane som alkoholbruk har for einskildpersonar og for samfunnet i tråd med folkehelseperspektiva, og samstundes skape forutsigbarheit og tryggleik for bransjen.

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Innhald

1	Bakgrunn og forankring.....	4
1.1	Heimelsgrunnlag	4
1.2	Alkoholsituasjonen i Norge	4
2	Situasjonen i Øygarden kommune	7
3	Målsetting med ein alkoholpolitisk handlingsplan	9
4	Proessen	9
5	Mål og strategiar for Øygarden kommune sin alkoholpolitikk i perioden 2020-2024	10
5.1	Delmål – Det skal ikkje skjenkast eller seljast alkohol til mindreårige, og overskjenking skal ikkje førekomme i nokon aldersgrupper.....	10
5.1.1	<i>Tiltak: Ansvarleg alkoholhandtering – samarbeid regionalt</i>	<i>10</i>
5.1.2	<i>Tiltak: Fokus på useriøse aktørar</i>	<i>10</i>
5.1.3	<i>Tiltak: Kompetanseheving og kommunikasjon med bransjen</i>	<i>11</i>
5.1.4	<i>Tiltak: Utvikling av kontrollfunksjonen.....</i>	<i>11</i>
5.1.5	<i>Tiltak: krav til arrangement for ein enkelt anledning</i>	<i>12</i>
5.2	Delmål - Det skal arbeidast for å redusere rusrelatert vald	12
5.2.1	<i>Tiltak: Samarbeid</i>	<i>12</i>
5.2.2	<i>Tiltak: Ansvarleg alkoholhandtering</i>	<i>12</i>
6	Evaluering og rullering av planen	12
7	Alkoholpolitiske retningslinjer	13
7.1	Vilkår.....	13
7.2	Salsløyve for alkoholhaldig drikk under 4,7 vol %.....	13
7.2.1	<i>Sal av alkohol i daglegvarebutikkar</i>	<i>13</i>
7.2.2	<i>Salsløyve spesialforretningar</i>	<i>13</i>
7.2.3	<i>Salsløyve kombinert med tilverkingsløyve.....</i>	<i>14</i>
7.2.4	<i>Nettsalsløyve - daglegvarebutikkar</i>	<i>14</i>
7.2.5	<i>Salsløyve for ein enkelt anledning</i>	<i>14</i>
7.2.6	<i>Unntak.....</i>	<i>14</i>
7.2.7	<i>Skjerming.....</i>	<i>14</i>
7.2.8	<i>Tidsavgrensing</i>	<i>14</i>
7.2.9	<i>Vilkår for salsløyve.....</i>	<i>14</i>
7.3	Skjenkeløyve	15
7.3.1	<i>Skjenketid</i>	<i>15</i>
7.3.2	<i>Skjenketak</i>	<i>15</i>
7.3.3	<i>Skjenking i kommunal regi</i>	<i>15</i>
7.3.4	<i>Andre generelle krav for tildeling av skjenkeløyve</i>	<i>15</i>

7.3.5	<i>Faste alminnelege skjenkeløyve</i>	15
7.3.6	<i>Skjenkeløyve kombinert med tilverkingsløyve</i>	16
7.3.7	<i>Type konsept og arrangement som ikkje kan tildelast skjenkeløyve</i>	16
7.3.8	<i>Tildeling av skjenkeløyve i samband med messer og andre fleirbruksområde</i>	17
7.3.9	<i>Utandørs skjenking</i>	18
7.3.10	<i>Båtar og skip</i>	18
7.3.11	<i>Vilkår for faste alminnelege skjenkeløyve</i>	18
7.3.12	<i>Ambulerande- og skjenkeløyve for ein enkelt anledning</i>	19
7.4	Kontroll, styring og sanksjonar	19
7.4.1	<i>Salskontrollar</i>	19
7.4.2	<i>Skjenkekontrollar alminnelege løyve</i>	19
7.4.3	<i>Skjenkekontrollar ambulerande løyve/ein enkelt anledning</i>	20
7.4.4	<i>Samarbeid med politiet</i>	20
7.4.5	<i>Kontrolloversikt til politisk behandling</i>	20
7.4.6	<i>Brot på alkohollova - sanksjonsreglarn</i>	20
7.5	Løyveperiode og fornying	20
7.5.1	<i>Særskilt om løyveperioden 2020 – 2024</i>	21
7.5.2	<i>Bruk av unntaksregelen</i>	21
7.5.3	<i>Gjennomgang av alkoholpolitikken og informasjon om fornyingsprosessen</i> ..	21
7.6	Skjenking av alkohol i kommunale bygg, lokale og institusjonar	21
7.6.3	<i>Barnehagebygg</i>	22
7.6.4	<i>Alkoholservering i kommunale bygg</i>	22
7.6.5	<i>Avgrensingar og vilkår</i>	22
7.6.6	<i>Kommunale institusjonar</i>	23
7.7	Delegering	23
7.7.1	<i>Avgjerdsmynde – Utval for tenester og levekår</i>	23
7.7.2	<i>Avgjerdsmynde - kommunedirektøren</i>	23

1 Bakgrunn og forankring

I alkohollova vert ei rekke kryssande omsyn ivaretekne. På den eine sida aksepterer styresmaktene at alkohol skal vere ei tilgjengeleg vare. På den andre sida skal dei sosiale og helsemessige skadane alkoholbruk medfører, avgrensast. Alkohollova har eit folkehelseperspektiv med utgangspunkt i lovas føremål: *«Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdig drikkevarer»*. Samstundes skal folkehelseperspektivet sjåast i samanheng med næringsomsyn.

1.1 Heimelsgrunnlag

Alkohollova § 1-7 d som omhandlar kravet om alkoholpolitisk handlingsplan, lyder som følgjer: *«Kommunen skal utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrifter om innholdet av kommunal alkoholpolitisk handlingsplan»*.

Det er ikkje utarbeidd sentrale forskrifter om innhaldet i ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Kommunestyret i Øygarden har vedteke alkoholpolitisk handlingsplan den 18.06.20 sak 105/20, med verknad frå same dato.


Kommunestyret i Øygarden vedtok den 24.09.20 sak 142/20, ei justering i samsvar med det politiske delegeringsreglementet. Endring er innarbeidd i handlingsplanen.

1.2 Alkoholsituasjonen i Norge

Alkoholomsetning i Norge 2018 viser ei omsetning på 6,77 liter rein alkohol per innbyggjar i aldersgruppa 15 år og eldre. Dei siste 5 åra har den avgiftsbelagte omsetninga, omrekna i rein alkohol, lagt på rundt 6 liter per innbyggjar, 15 år eller eldre. Den uregistrerte omsetninga vert anslått til 0,77 liter rein alkohol, kor taxfree-salet ved norske lufthamner utgjer om lag halvparten (kjelde: Folkehelseinstituttet/FHI).

Målt i vareliter vart det i 2018 registrert omsett i overkant av 77 millionar liter vin, i underkant av 255 millionar liter øl, rundt 10 millionar liter brennevin og litt over 17 millionar liter rusbrus (kjelde: Statistisk sentralbyrå).

I ei oversikt frå Folkehelseinstituttet si avdeling for rusmiddelforskning, vert det vist korleis utviklinga har vore frå 1980 til 2014. Alkoholomsetning via tax-free ordninga, grensehandel og privatimport er ikkje medrekna.



Figur: Årleg omsetnad av alkohol per innbyggjar 15 år+ (liter rein alkohol) 1980-2018


Figuren viser at totalomsetninga av alkohol per innbyggjar 15 år og eldre var relativt stabil fram til midten av 1990-tallet, mens det var ei kraftig auke fram til 2008. Dette kan langt på veg forklarast i auka i omsetning av vin. For første gang etter forbodstida var omsetninga av vin i 1995 høgare enn brennevinsomsetninga målt i liter rein alkohol per innbyggjar 15 år+.

I Folkehelseinstituttet sin rapport om alkohol i Norge (siste oppdatering desember 2019), vert det mellom anna vist til at i overkant av 90 % av den vaksne befolkninga har drukke alkohol *nokon gong*, mens ein litt lågare andel har oppgitt å ha drukke i løpet av dei siste 12 månadane.

Rapporten viser også mellom anna til undersøkingar om fordelinga av alkoholbruk i befolkninga. Alkoholbruken viser ei skeivfordeling som inneber at ein liten andel av befolkninga står for ein særleg stor andel av det samla alkoholkonsumet. Den tiendedelen av befolkninga som drikk mest, konsumerer omlag halvparten av det samla konsumet. Menn drakk langt meir øl, noko mindre vin og betydeleg meir alkohol totalt enn kvinner, noko som er gjeldande for heile perioden 2012-19. Samtidig som øl- og brennevinskonsumet gjekk ned med aukande alder, gjekk vinkonsumet opp med aukande alder. Vinkonsumet var også

høgare i Akershus/Oslo enn i andre område, og det auka betydeleg med stigande utdannings- og inntektsnivå.

Det er også gjort undersøkingar om alkoholbruk blant ungdom. FHI henter kunnskap om tenåringsdrikking frå Ungdata-undersøkingane i frå alle ungdomsskular og vidaregåande skular i landet, samt frå den store europeiske skuleundersøkinga – ESPAD, som vert publisert kvart 5. år (ny kjem i 2020).



Figur: Andel norske 15-16-åringar som har drukke alkohol nokon gong, siste 12 mnd. og siste 30 dagar 1995-2015

Hovudpunkta i FHI sin rapport om alkoholbruk blant ungdom seier at:

- Fleirtalet av norske ungdommar debuterer med alkohol før fylte 18 år.
- Halvparten av 15-16 åringane har drukke alkohol det siste året, og ein av fire har vore fulle.
- Førekomsten av tenåringsdrikking er blitt mykje lågare sidan årtusenskiftet – både i Norge og i mange andre land.
- Samanlikna med Europa for øvrig, er andelen norske 15-16 åringar som drikk alkohol, låg, og dei som drikk gjer det sjeldan.
- Når norske tenåringer først drikk, er alkoholinntaket relativt høgt.

Norge ligg framleis lågt når det gjeld alkoholkonsum, samanlikna med andre nordiske og europeiske land. Dei kontrollpolitiske verkemidla som bevillingssystemet, vinmonopolordninga, reklameforbodet, aldersgrenser og avgiftspolitikken, har bidrege til å halde konsumet nede. Også førebyggjande tiltak som omfattar informasjons- og

haldningskampanjar vert nytta, men utan at det finst støtte for at denne type kampanjar vil kunne endre åtferd. I løpet av dei siste 25 åra har det på landsbasis vore ein markant auke i tal på skjenkestadar, tal skjenkestadar som har fått løyve til skjenking av brennevin og tal vinmonopolutsal i mindre kommunar, noko som har innverknad på tilgjenge og konsum.

Sjølv om Norge har eit relativt lågt alkoholkonsum totalt, så finn vi i staden eit drikkemønster med stort alkoholinntak pr. drikkesituasjon, noko som gjeld alle aldersgrupper. Dette fører til ulike alkoholskadar både for den som konsumerer alkohol og for omgjevnadane. Det er gjort undersøkingar om skadeverknadar ved bruk av ulike stoffar, kor om lag 50 % av alkoholskadane ikkje rammar brukaren sjølv, men påverkar livet og fridomen til folk rundt (kjelde: Lancet 2012). I FHI sin rapport vert mellom anna dei negative konsekvensane av foreldre sitt alkoholbruk trekt fram, både når det gjeld auka risiko for skade på foster og fare for psykososiale skadar for barn i ulike aldrar.

I Stortingsmeldinga om rus «Se meg!», vert passiv drikking definert slik:

«Alkoholbruk er ingen privatsak. Med passiv drikking menes de skader og problemer som den som drikker påfører andre enn seg selv: Vold, trafikkulykker, fusterskader, pårørende, barn av rusavhengige foreldre, trusler og sjikane, ordensforstyrrelser, sosiale og samfunnsmessige omkostninger».

Dei vanlegaste akutte personskadane som rammar ein alkoholbrukar, gjeld i hovudsak dei som ein gang i blant drikk so mykje at dei vert openbart til kraftig påverka. Det vil vere skadar som fallulykker, drukningsulykker, trafikkulykker, alkoholforgifting, sjølv mord, samt vald og overgrepssaker. I tillegg kjem sosiale skadar som tap av arbeid, familie og sosialt nettverk, samt fysisk og psykisk sjukdom.

2 Situasjonen i Øygarden kommune

Den nye storkommunen Øygarden er eit samfunn i vekst og med planar om byutvikling. Som nabokommune til Bergen, med det omfattande skjenketilbodet som er der, har det vore ei relativ låg vekst av skjenkenæringa fram til no. Dette kan imidlertid endre seg i tida framover.

Politiet har gitt informasjon om kva alkoholrelaterte utfordringar dei ser i Øygarden kommune. Pr. i dag opplever ikkje politiet stor utfordringar relatert til alkohol. Dei ønskjer likevel å peike på to forhold:

- I samband med opning av skjenkestadar på Sartor storsenter, som har kveld- og nattope i helg, opplevde politiet ein periode med ein del fleire hendingar relatert til alkoholrus. I den seinare tid (siste halvdel av 2019) har politiet eit inntrykk av at det har vore færre hendingar. Dette kan henge saman med at nokre skjenkestadar er lagt ned og/eller har

gjort endringar i sitt konsept i forhold til opningstider.

- I kommunen er det ein del grendahus som vert leigd ut til private arrangement. På dei arrangementa som er relatert til yngre personar, typisk 18 års-lag, opplever politiet ofte at det oppstår hendingar som er relatert til alkohol. Dette er hendingar som slåssing, overstadige rusa, køyring med bil i ruspåverka tilstand, mindreårige som drikk alkohol m.m. Til tross for at arrangøren varslar politiet og har eigne vaksne vaktar, så viser det seg ofte vanskeleg å halde kontroll når slike fester omfattar meir enn 100 personar. I dagens samfunn, med stor bruk av sosiale media, vil informasjon om slike festar spreie seg raskt med det resultat at det ofte kjem fleire personar som ikkje er inviterte.
- I ein kommentar til tabellen under seier politiet at nedgangen i 2019 som gjeld bilpromille/ruskøyring med bil, vert reknar som ein normal statistisk variasjon. Tala frå 2011 til 2015 støtter dette og viser ein variasjon mellom 66 og 110 tilfelle i same kategori.

Type lovbrøt i <u>Askøy og Øygarden lensmannsdistr.</u>	2016	2017	2018	2019	Sum
Sum ordensforstyrringar med rus	15	10	13	9	47
Sum narkotikalovbrøt	326	329	380	256	1291
Ulovleg produksjon av alkohol		1			1
Ulovleg servering og drikking	2			2	4
Ulovleg kjøp av alkohol til mindreårige	1	1		3	5
Alkoholloven diverse				1	1
Sum alkoholloven	3	2		6	11
<u>Båtpromille/båtføring i rus</u>	3	2	5	4	14
Bilpromille/ruskjøring med bil	131	104	129	91	455
Bilpromille/ruskjøring med bil kor personskade har oppstått	1	2		1	4
Bilpromille/ruskjøring med bil kor materielle skadar har oppstått	9	9	4	6	28
Sum promille/rusføring bil og båt	144	117	138	98	497
Totalsum	488	458	406	367	1846

Det er ikkje gjort ei kartlegging av alkoholforbruket blant innbyggjarane generelt i Øygarden kommune, men det er grunn til å tru at forbruket ligg tilnærma likt landsgjennomsnittet. Når det gjeld ungdom i Øygarden kommune er det gjort undersøkingar gjennom *Ungdata*. *Ungdata* er eit kvalitetssikra og standardiserte system for lokale spørjeskjemaundersøkingar, kor skuleelevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring svarar på spørsmål om ulike sider av livet sitt, mellom anna rus. Det er gjort undersøkingar i Fjell, Sund og Øygarden i litt ulike intervall som vist under, og rapport er utarbeidd av Ungdatasenteret i samarbeid med KoRus Vest Bergen.

Tal som er utarbeidd for ungdomsskulane i dei tre kommunane i 2019 (Fjell) og 2017 (Sund og Øygarden), viser at det er få ungdomsskuleelevar som har vore fulle. Trass i at vaksne sin alkoholbruk er høgare enn tidlegare, har ungdommen sin alkoholbruk flata ut, og frå tusenårsskiftet har det vore ein tydeleg nedgang. Ungdata viser stor variasjon i kor gamle ungdommar er når dei begynner å drikke alkohol. Det store fleirtalet har ikkje vore rusa i løpet av ungdomsskulen. På slutten av ungdomsskulen har omtrent ein av fire opplevd å ha vore rusa. Det er generelt sett små forskjellar mellom gutar og jenter sine alkoholvanar.

Prosentandel av ungdomsskuleelevar som har vore rusa av alkohol (kjelde: Ungdata)

Fjell 2019	Sund 2017	Øygarden 2017	Hordaland 2019	Norge 2019
11 %	13 %	10 %	9 %	13 %

3 Målsetting med ein alkoholpolitisk handlingsplan

Alkohollova gir kommunane relativt stor fridom til å utarbeide sin eigen alkoholpolitikk og til å finne dei mål og verkemiddel som er best eigna til å oppnå hovudføremålet i alkohollova, sett ut i frå lokale forhold.

Ein alkoholpolitisk handlingsplan skal oppgje hovudmålsetting og dei delmåla som kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk. I tillegg må planen seie noko om dei verkemidla som kommunen skal ta i bruk for å nå desse måla. Målsettinga er å oppnå alkohollova sitt føremål om å *avgrense i størst mogleg utstrekning dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere*. Samstundes vil handlingsplanen ta omsyn til bransjen sine behov for føreseielege rammevilkår.

Øygarden kommune er prega av sterk folkevekst, eit raskt veksande bustad- og industriområde og eit innhaldsrikt kommunesenter på Straume, Sotra Kystby. I tillegg har kommunen aktive kommunedelsentra i Rong og Skogsvåg. Øygarden kommune ønskjer ein alkoholpolitisk handlingsplan med tilhøyrande retningslinjer som best mogleg vert tilpassa utviklinga, både med omsyn til helseperspektivet og rammevilkåra for bransjen.

4 Prosessen

Eit framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vart lagt ut på høyring. Det kom ingen innspel frå eksisterande løyvehavarar, politiet eller andre.

5 Mål og strategiar for Øygarden kommune sin alkoholpolitikk i perioden 2020-2024

Øygarden kommune si overordna målsetjing er *å arbeide for å redusere dei negative konsekvensane som alkoholbruk har for einskildpersonar og for samfunnet i tråd med folkehelseperspektiva, og samstundes skape forutsigbarheit og tryggleik for bransjen.*

Øygarden kommune vil jobbe for måloppnåing gjennom fleire delmål og tilhøyrande tiltak. Eit viktig kriteria for måloppnåing, både hovudmål og delmål, er god og kompetent administrativ ressurstilgang.

5.1 Delmål – Det skal ikkje skjenkast eller seljast alkohol til mindreårige, og overskjenking skal ikkje førekomme i nokon aldersgrupper

Å hindre sal og skjenking av alkohol til mindreårige er ei viktig førebyggjande oppgåve for kommunen. Også reduksjon i overskjenking er eit viktig førebyggjande tiltak, mellom anna for å unngå skadar på eigen person og på andre.

5.1.1 Tiltak: Ansvarleg alkoholhandtering – samarbeid regionalt

Øygarden kommune skal gjennom samarbeid med omkringliggande kommunar, Fylkesmannen, KoRus-Bergen, politiet og andre aktuelle samarbeidspartnarar, arbeide for ansvarleg alkoholhandtering i sals- og skjenkenæringa. Alkoholrelatert vald og auke i alkoholbruk kan førebyggast gjennom mellom anna reduksjon i overskjenking av alkohol og reduksjon i sal av alkohol til mindreårige.

Øygarden kommune har eit tett samarbeid med Bergen kommune. Mellom anna kan kommunen sende eigne skjenkeaktørar på kurs i *Ansvarlig Alkoholhåndtering* arrangert av Bergen kommune.

Kommunane Fjell, Askøy, Sund og Øygarden inngjekk i 2015 eit formalisert samarbeid med politiet om ansvarleg alkoholhandtering. Hovudintensjonane var, gjennom førebygging, å redusere samfunnsmessige og individuelle skadar som kan skje i samband med alkoholbruk. Dette samarbeidet vart frå politiet si side 'lagt på is' i 2017 grunna kapasitetsmangel. Øygarden kommune vil arbeide for å få til eit tettare samarbeid med politiet for å stå betre rusta til å nå delmål om å hindre sal og skjenking av alkohol til mindreårige og redusere overskjenking. Med eit slikt samarbeid vil kommunen også kunne vere i forkant av den raske utviklinga og byplanlegginga som skjer i regionen.

5.1.2 Tiltak: Fokus på useriøse aktørar

Useriøse aktørar i serverings- og skjenkebransjen manglar vilje til å følgje gjeldande regelverk og er ein risiko for at god og ansvarleg alkoholhandtering ikkje vert praktisert. Useriøse

aktørar skapar også ei konkurransevriding til fordel for dei useriøse. Kommunen vil arbeide aktivt for å luke ut useriøse aktørar på følgjande måte:

- Aktiv bruk av vandelsvurdering. Alkohollova skildrar kven som skal vandelsvurderast i samband med søknad om sals- og skjenkeløyve. Kommunen vil så langt det er mogleg luke ut useriøse aktørar gjennom utvida vandelsvurdering. Ein aktør og løyvehavar sin vandel skal vere godkjent i heile løyveperioden, og eit løyve kan inndragast dersom kommunen finn brot på vandelskravet med tilhøyrande prikktildeling.
- Samarbeid med politiet og andre relevante samarbeidspartnarar. Kommunen vil ha eit utstrakt samarbeid med politi, kemner, Skatt Vest og A-krim i arbeidet med å hindre useriøse aktørar å etablere seg, og dermed fremje trygg og sikker drift.

5.1.3 Tiltak: Kompetanseheving og kommunikasjon med bransjen

Kommunen vil i denne løyveperioden ha særleg fokus på opplæring og kommunikasjon med bransjen. God kommunikasjon og samarbeid vil bidra til at bransjen er oppdatert på gjeldande regelverk og er skjerpa på rutinane som alltid skal følgjast. Verktøy som 'Ansvarlig Vertskap' og e-læringskurs, utvikla av KoRUS Øst og Helsedirektoratet, skal takast i bruk så langt som råd. Kommunen vil elles i løyveperioden ha kommunikasjon med bransjen og enkeltaktørar etter behov.

5.1.4 Tiltak: Utvikling av kontrollfunksjonen

Kommunen sine kontrollørar skal kontrollere at bransjen følgjer dei reglar og krav som vert stilt gjennom alkohollova og tilhøyrande forskrifter. Med direkte kontakt med bransjen fleire gonger årleg, er kontrollørane i posisjon til å rettleie og informere og dermed kunne førebyggje brot. Utviklinga av kontrollfunksjonen gjeld forhold som:

- **Målretta kontrollar** – Kontrollar skal utførast på tidspunkt kor det er større risiko for brot på regelverket. I tillegg skal kontrollar intensiverast på sals- og skjenkestader som ligg i nærleiken av der ungdom ferdast, og som har lang opningstid og låg aldersgrense.
- **Dialogbaserte kontrollar** – kontrollørane skal i tillegg til å kontrollere, også informere og rettleie løyvehavarane.
- **Opplæring av kontrollørar** – Kommunen har ansvar for å sørge for tilstrekkeleg opplæring av kontrollørane. Opplæring er viktig for å gje kontrollørane best mogleg føresetnad til å utføre kontrollar etter intensjonane i lokalt og sentralt regelverk.
- **Felles kontrollar** – Kommunen skal, så langt det er mogleg, halde felles kontrollar med politiet. Kontrollane skal vere målretta etter intensjonane handlingsplanen. Dersom det

vert aktuelt så vil kommunen også vere positiv til å halde kontrollar saman med andre offentlege instansar som A-krim, Skatteetaten, Kemneren, NAV og Mattilsynet.

5.1.5 Tiltak: krav til arrangement for ein enkelt anledning

Gjennom rettleiing skal kommunen bidra til at arrangørar av arrangement for ein enkelt anledning har utarbeidd tilpassa internkontrollrutinar. Arrangør skal ha gode rutinar for opplæring av vaktar og skjenkepersonale, og vaktlistar skal settast opp i god tid før arrangementet. Kommunen skal ha kopi av utarbeidd rutinar og krev samtidig at arrangør skal ha fått godkjent arrangementet hos politiet, og at lokalet er brannteknisk godkjent. Dette skal bidra til at tryggleik er ivareteken og førebyggje skjenking til mindreårige, samt overskjenking.

5.2 Delmål - Det skal arbeidast for å redusere rusrelatert vald

Rusrelatert vald vert definert som bruk av fysisk makt for å skade andre, kor skadevaldaren er i ein russituasjon. Rusrelatert vald er ein av dei verknadane av alkoholbruk som rammar andre enn brukaren sjølv ('passiv drikking'). Kommunen skal gjennom alkoholregelverket ha som mål å redusere rusrelatert vald. Her vil kommunen sin tydelege alkoholpolitikk og forvaltning av regelverket, vere òi brikke i dette arbeidet. Eit samarbeid med andre instansar vil vere avgjerande for å lykkast.

5.2.1 Tiltak: Samarbeid

Kommunen vil vere avhengig av samarbeid med andre instansar og aktørar i arbeidet med å redusere rusrelatert vald. Kommunen vil ikkje åleine kunne oppnå eit slikt delmål berre gjennom forvaltning av alkoholregelverket. Aktuelle samarbeidspartar er politi, nabokommunar, politiråd, A-krim, NAV, Mattilsynet og bransjen.

5.2.2 Tiltak: Ansvarleg alkoholhandtering

Samarbeidet om ansvarleg alkoholhandtering er viktig for å nå eit delmål om å redusere rusrelatert vald, sjå pkt. 5.1.1. Førebygging av overskjenking vil mellom anna vere eit viktig bidrag.

6 Evaluering og rullering av planen

Handlingsplanen skal rullerast kvart 4. år, året etter eit kommunestyreval. Rulleringa skal vere ferdigstilt innan juni månad med omsyn til fornyingsprosessen.

7 Alkoholpolitiske retningslinjer

I Øygarden kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer vert det gitt nærare detaljar om krav til sals- og skjenkeløyve, samt sals- og skjenketider og ellers detaljar som er nødvendige for å oppnå god og føreseieleg forvaltning av alkoholregelverket.

7.1 Vilkår

Før eit sals- eller skjenkeløyve kan utstedast og takast i bruk, må følgjande dokumentasjon vere sendt inn til kommunen:

- Dokumentasjon på gyldig bruksløyve.
- Kopi av melding om oppstart av verksemd som er sendt til Mattilsynet, kvittering på at skjemaet er sendt inn skal leggst ved.
- Stadfesting på betalt løyvegebyr.
- Stadfesting frå Aa-registeret på arbeidsforholdsregistrering seinast ein månad etter oppstart (arbeidsforhold kan registrerast opp til 2 månader før oppstart av verksemd).
- Dokumentasjon på at alle tilsette har lovlege arbeidskontraktar.
- Dokumentasjon på at det er teikna yrkesskadeforsikring for alle tilsette.
- Dokumentasjon på at verksemda har serveringsløyve.
- Godkjente internkontrollrutinar etter alkoholforskriftene kap. 8.

7.2 Salsløyve for alkoholhaldig drikk under 4,7 vol %

7.2.1 Sal av alkohol i daglegvarebutikkar

Salsløyve kan tildelast daglegvareforretningar. Som *daglegvarer* vert rekna matvarer og andre nærings- og nyttingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldningsvarer av papir, plast, bone-, reinse- og pussemidlar. Butikken må ha eit matvaretilbod som er klart breiare enn tradisjonelle kioskar.

Det er omsetninga av vareslag som er avgjerande for om staden kan reknast som ein daglegvarebutikk, eller om det er ein kiosk. Vareutvalet i hyllene er ikkje nok.

Vareutval retta mot spesielle forbrukargrupper vert rekna som tilstrekkeleg når det dekker alminneleg daglegvarebehov for desse gruppene.

7.2.2 Salsløyve spesialforretningar

Salsløyve kan tildelast spesialforretningar som f.eks. spesialutsal for øl og kvalitetsmatforretningar.

7.2.3 Salsløyve kombinert med tilverkingsløyve

Salsløyve kan tildelast etter alkoholova § 3-1b som gjeld sal av alkohol som er tilverka i eigen verksemd med utviding av salsløyvet til også å gjelde tilverkingsløyve. Slikt løyve kan berre gjevast dersom tilverkinga skal skje ved salsstaden, og tilverkinga og salet vil utgjere ein del av stadens heilskaplege karakter og salstilbod, jf. AL 1-7f.

7.2.4 Nettsalsløyve - daglegvarebutikkar

Det kan tildelast nettsalsløyve for daglegvarebutikkar, både reine nettbutikkar og kombinerte butikkar med fast utsalsstad. Løyvehavar må ha godkjente rutinar for kontroll med utlevering av alkoholhaldig drikk, og legge til rette for at kommunen kan utføre nødvendig kontroll.

7.2.5 Salsløyve for ein enkelt anledning

Når forholda ligg til rette for det, kan det innvilgast løyve til sal av alkohol i gr. 1 for ein enkelt anledning. Areal som skal brukast må vere i samsvar med gjeldande regelverk og kan ikkje ligge opne ut mot fellesareal, eller ligge som øyer i kjøpesenter/butikksenter. Det vert ikkje gitt salsløyve for alkohol for ein enkelt anledning til 'stands' og bodar i samband med marknadar og messer, både innandørs og utandørs. Unntak kan gjerast for publikumsmesser som har mat/drikke som tema

7.2.6 Unntak

I spesielle tilfelle kan utval for tenester og levkår gjere unntak frå retningslinjene dersom dette er hensiktsmessig ut frå ei heilskapleg vurdering.

7.2.7 Skjerming

Løyvehavar skal gjennom praktiske tiltak i salslokala, skjerme barn og unge i størst mogleg grad mot lettvinntilgang til alkoholvarer.

7.2.8 Tidsavgrensing

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gr. 1 kan skje frå kl. 07:00 til kl. 20:00 på kvardagar og til kl. 18:00 på dagar før søndagar og helgedagar, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk kan **ikkje** skje på stemmedagar for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov.

7.2.9 Vilkår for salsløyve

Kommunen sine krav til opplæring om regelverket i alkoholova og tilhøyrande forskrifter, er obligatorisk. Kommunen avgjer kva type opplæring som skal haldast, opplæringsfrekvens og kven opplæringa er retta mot.

7.3 Skjenkeløyve

7.3.1 Skjenketid

Tidsavgrensing for skjenking av alkoholhaldig drikk i Øygarden kommune er for alkoholgruppe 1 og 2 frå kl. 08:00 – 02:00. For alkohol gr. 3, frå kl. 13:00 – 02:00.

7.3.2 Skjenketak

Det er ikkje fastsett skjenketak for faste skjenkeløyve eller skjenkeløyve for ein enkelt anledning.

7.3.3 Skjenking i kommunal regi

Det kan ikkje skjenkast alkohol i kommunal regi i samband med arrangement som er opne for allmenta, t.d. idrettshallane, kulturhus, bibliotek eller leigd/lånt lokale. Unnatak kan gjerast i heilt særskilte tilfelle og skal avgjerast av utval for tenester og levekår.

7.3.4 Andre generelle krav for tildeling av skjenkeløyve

- Kan berre tildelast personar over 20 år eller til ein juridisk person med ansvarshavande på minst 20 år.
- Krav frå politi og brannvesen er innfridd.
- Tilpassa internkontrollrutinar etter alkohollova – gjeld **ikkje** ambulerande skjenkeløyve.
 - Vakthald og skjenkepersonale – det vert stilt krav om at vaktar skal vere minst 20 år og må vere rusfrie under heile arrangementet. For skjenkepersonale gjeld 18 års aldersgrense og rusfri under heile arrangementet.

7.3.5 Faste alminnelege skjenkeløyve

Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 kan tildelast serveringsstader, skjenkestader med liten eller ingen matsservering, hotell og selskapslokale.

- Med **”serveringsstad”** vert meint ein stad kor det vert servert mat. Ved alle serveringsstader skal det føreligge eit fullverdig mattilbod frem til kl. 22.00. Etter kl. 22:00 kan mattilbodet reduserast noko til eit avgrensa mattilbod/bar-meny. Serveringsstader som har lukketid tidlegare enn kl. 22:00 kan likevel innvilgast skjenkeløyve.
- Med **”hotell”** vert meint verksemder som har minst 15 rom med dusj/bad og toalett. I tillegg må verksemda også ha resepsjonsteneste og lokale kor alle måltida skal kunne serverast. Ved verksemder som ikkje oppfyller dei spesifikke krava til hotell kan det etter ein konkret vurdering gjerast unnatak.

- Med **“stadar med liten eller ingen matservering”** vert meint pub, bar, diskotek e.l., som ikkje fell inn under andre kategoriar.
- Med **“selskapslokale”** vert meint lokale der slutta selskap vert haldne. Dersom lokalet er opent for alminneleg publikum, må det slutta selskapet haldast fysisk avgrensa frå dei andre delane av lokalet kor det ikkje er slutta selskap. Med dette vert meint at det slutta selskapet må haldast i eit eige rom på skjenkestaden. Skjerming i form av planter eller andre provisoriske løysingar vert ikkje akseptert. Det kan vere fleire slutta selskap i same lokale (i separate rom).

7.3.6 Skjenkeløyve kombinert med tilverkingsløyve

Eit skjenkeløyve kan utvidast til også å omfatte tilvirking av alkoholhaldig drikk som skal skjenkast i eigen verksemd, jf. alkoholova § 4-2 3. ledd. Føresetnaden er at vilkåra i AL §1-7e er oppfylt.

7.3.7 Type konsept og arrangement som ikkje kan tildelast skjenkeløyve

Skjenkeløyve kan *ikkje* tildelast til følgjande type serveringsstadar/arrangement (gjeld også for ambulerande- og skjenkeløyve for ein enkelt anledning):

- **Felles areal kjøpesentera**
Serveringsstader som er opne ut mot fellesareal og som ligg som øyer i kjøpesenter/butikkssenter. Unntaket er for lukka selskap i serveringsstaden sine lokale i senteret si stengetid.
- **Kantinar og kafeteria**
Kantinar og kafeteria på arbeidsplassar. Unntaket er for lukka selskap etter ordiner stengetid.
- **Pengeautomatspel**
Det blir ikkje gitt skjenkebevilling der pengeautomatspel er på, eller i tilknytning til skjenkestad.
- **Èin prosents MC-klubber**
Det kan ikkje tildelast skjenkeløyve til èin-prosents MC-klubbar, klubbar som sympatiserer med desse klubbane ('prospects' og 'hangarounds'), i lokale som vert disponert av slike klubbar eller til arrangement i slike klubbar sin regi, uansett kva stad arrangementet skal haldast.
- **Konsept – stripping, 'topplausservering' el.l.**
Det kan ikkje tildelast skjenkeløyve til stadar som har eit konsept som omfattar stripping,

erotisk dans, 'topplausservering' og liknande.

- **Idrettsarrangement**

Det kan ikkje gjevast skjenkeløyve til ein idrettsarena eller idrettsarrangement i Øygarden kommune. Forbodet gjeld også ev. VIP-areal. Unntak er bruk av ein idrettsarena til ikkje-idrettsleg arrangement for ein enkelt anledning (både opent og lukka), som ikkje har barn og unge som målgruppe, sjå også pkt. 7.6.4 om alkoholservering i kommunale bygg. Unntak kan gjerast for idrettsarenaer kor det frå før er innvilga fast skjenkeløyve ved tilhøyrande serveringsstad.

- **Målgruppe barn og unge**

Det kan ikkje gjevast skjenkeløyve til arrangement som har barn og unge under 18 år som målgruppe.

7.3.8 Tildeling av skjenkeløyve i samband med messer og andre fleirbruksområde

Skjenkeløyve gr. 1-3 kan tildelast innandørs og/eller utandørs skjenking, etter ei konkret vurdering basert på gjeldande retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve. Berre unntaksvis kan det tildelast skjenkeløyve til 'stands', og publikums- og fellesområde skal vere alkoholfrie. Unntaket gjeld berre for publikumsmesser som har mat/drikke som tema. Det vert ikkje tildelt skjenkeløyve til serveringstilbod som framstår som gatekjøken, snackbar, kiosk eller liknande.

Følgjande føringar gjeld for ulike typar messer/arrangement

- Det kan tildelast utvida skjenkeløyve for eksisterande serveringsstad for eit avgrensa serveringsområde som vert sett opp i samband med eit enkeltstående arrangement, for å auke serveringskapasiteten.
- Ved publikumsmesser som har tema mat/drikke, kan det tildelast skjenkeløyve til 'stands' innanfor eit avgrensa område med adgangskontroll og aldersgrense over 18 år.
- Lukka arrangement for inviterte gjestar utanom messa si ordinere opningstid, som til dømes 'red-carpet' arrangement, kan få innvilga skjenkeløyve for heile messearealet, inklusive publikumsareal, dersom løyvehavar har godkjente rutinar for kontroll med skjenkinga.

Ved skjenking på messer vert det som hovudregel gitt skjenkeløyve til ein løyvehavar som har ansvar for skjenking på heile området. Ved arrangement etter messa si opningstid kan løyve gjevast til ein eller fleire løyvehavarar dersom kontrollomsynet tilseier det.

7.3.9 Utandørs skjenking

- Løyve til fast utandørs skjenking kan berre gjevast til serveringsstader med alminneleg skjenkeløyve, og gjeld for skjenking av alle alkoholgrupper.
- Skjenking utandørs skal skje på ein måte som ikkje forstyrrar naboskapet. Musikk eller underhaldning må ikkje vere slik at det er til vesentleg sjenanse eller ulempe for dei som bur eller oppheld seg ved omådet kor uteserveringa føregår. Det er ikkje tillate med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalarar på uteserveringar etter kl. 22:00, likevel slik at lav bakgrunnsmusikk vert tillate dersom den ikkje er til sjenanse for omgjevnadane.
- Skjenkeområdet skal vere tydeleg fysisk avgrensa og avskjerma med innretning som ikkje kan flyttast på. Det skal vere like god inngangs-, alders-, og sosialkontroll som for innandørs skjenking. For alminneleg skjenkeløyve skal kommunen godkjenne avgrensinga før arealet kan takast i bruk.
- Det må takast omsyn til trafikktilhøva, tilgjenge og fri ferdsel for publikum, i samsvar med gjeldande regelverk og pålegg frå politiet.
- Brann- og bygningsstyresmaktene skal ha godkjent området og sett ei øvre grense for tal gjesteplassar. Politiet skal ha høve til å uttale seg om søknaden.
- Det skal vere inngått leigeavtale med grunneigar/utleigar om bruksrett for skjenkeområdet.

7.3.10 Båtar og skip

Det kan innvilgast skjenkeløyve til båtar/skip i alkoholgruppe 1, 2 og 3. Løyvet gjeld berre rett til å skjenke til passasjerar ombord som følgjer skipet eller deltek i ope eller lukka arrangement

7.3.11 Villkår for faste alminnelege skjenkeløyve

Ved tildeling av skjenkeløyve vil følgjande villkår gjelde:

Obligatorisk opplæring

Kommunen si opplæring om regelverket i alkoholova og tilhøyrande forskrifter, er obligatorisk. Kommunen avgjer kva type opplæring som skal haldast, opplæringsfrekvens og kven i ein skjenkestad som skal delta i opplæringa.

7.3.12 Ambulerande- og skjenkeløyve for ein enkelt anledning

Når forholda ligg til rette for det, kan det gjevast løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i alle tre alkoholgrupper for lukka eller opne arrangement.

Det er oppretta 10 ambulerande skjenkeløyve. Det er ikkje sett tak for ordinære løyve for ein enkelt anledning.

Politiet skal ha kopi av alle tildelte løyve.

Skjenkeløyve kan tildelast både innandørs og utandørs arrangement. For løyve gitt til eit innandørs arrangement vert det som hovudregel ikkje utvida til også å gjelde utandørs (som t.d. røykeareal m.v.).

For messearrangement og tilsvarande, gjeld reglane i pkt. 7.3.8.

For utandørs arrangement gjeld reglane i pkt. 7.3.9.

Løyvegebyr vert sett etter dei til ein kvar tid gjeldande satsar i alkoholforskriftene.

7.4 Kontroll, styring og sanksjonar

7.4.1 Salskontrollar

Kontrollar av salsstader skal som utgangspunkt føretakast av ein kontrollør. Dersom det oppstår spesielle forhold, kan kontrollen utførast av to kontrollørar. Det vil spesielt bli fokusert på kontrollar i område nær skular og andre stader der ungdom ferdast.

Kontroll av salsstader skal m.a. omfatte:

- sal til openbart rusa personar
- aldersgrensereglane for kundar og salspersonale
- sal utover salstidene
- brot på alkoholova sine reglar om internkontroll

7.4.2 Skjenkekontrollar alminnelege løyve

Skjenkekontrollar skal utførast av to personar, jf. forskriftene §9-5. Kontrollane skal varierast. Serveringsstadar med lav alkoholomsetning vil kunne få både open og anonym kontroll. Stader med høg alkoholomsetning, 18-års aldersgrense, med sein opningstid og maksimal skjenketid, vil i hovudsak få anonyme kontrollar. Sistnemnde skal også ha intensiverte kontrollar. Kontrollane kan skje på alle vekedagar, men med hovudvekt på fredagar og laurdagar.

Kontroll av skjenkestadar skal m.a. omfatte:

- skjenking til openbart rusa personar

- aldersgrensereglane for gjester og skjenkepersonale
- skjenketid/opningstid
- kontroll av alkohollover sine føresegner om internkontroll
- forholdet mellom tal på tilsette, tal gjester og skjenkestaden sin spesifikke karakter og om skjenkestaden overhelt reklameforbødet
- skjenkestaden si plikt til å føre alkoholsvak og alkoholfri drikk
- generell orden i lokalet med omsyn til m.a. branntryggleik

Det skal utførast **dialogbaserte** kontrollar. Kontrollørane skal, i tillegg til å utføre ordinære kontrollar, også ha god dialog med løyvehavar/ansvarshavande i etterkant av kontrollen for å rette opp i forhold på staden. Dialogen skal bidra til førebygging av brot på regelverket.

7.4.3 Skjenkekontrollar ambulerande løyve/ein enkelt anledning

Det skal på årsbasis førast kontroll med **minst 10 %** av dei innvilga ambulerande skjenkeløyva og skjenkeløyva for ein enkelt anledning.

Det skal utførast **dialogbaserte kontrollar** på lik linje med alminnelege løyve.

7.4.4 Samarbeid med politiet

Kommunen skal samarbeide med politiet om kontrollar dersom mogleg. Det gjeld både avdekking av spesielt utfordrande område og samarbeid om felles kontrollar.

7.4.5 Kontrolloversikt til politisk behandling

Det skal ein gong i året leggest fram ei politisk sak som viser oversikt over alle utførte kontrollar i kommunen, og med oversikt over alle tildelte løyve (faste, ambulerande og for ein enkelt anledning). Saka skal behandlast i det utval som kommunestyret bestemmer, og skal leggest fram som referatsak for kommunestyret.

7.4.6 Brot på alkohollover - sanksjonsreglarn

Ved brot på alkohollover og tilhøyrande forskrifter, skal det tildelast prikkar etter eit fastsett system, jf. forskriftene kap. 10.

7.5 Løyveperiode og fornying

Ein løyveperiode gjeld i inntil 4 år, jf. AL § 1-6. Kommunen kan vedta at sals- og skjenkeløyve likevel ikkje skal opphøre, men gjelde vidare for ein ny periode på inntil 4 år, og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Føresetnaden for at kommunen skal kunne nytte seg av unnataksregelen er at alkoholpolitikken er gjennomgått for den neste 4 års-perioden.

7.5.1 Særskilt om løyveperioden 2020 – 2024

Kommunesamanslåinga mellom Fjell, Sund og Øygarden, som tråtte i kraft frå 01.01.2020, utløyser eit behov for fornying av alle sals- og skjenkeløyva i den nye kommunen. Bruk av unntaksregel kan først skje frå neste løyveperiode.

7.5.2 Bruk av unntaksregelen

Salsløyve - Unntaksregelen kan nyttast dersom:

- Salsstaden ikkje er tildelt prikkar etter kontroll i gjeldande løyveperiode. Dersom det er tildelt inntil 4 prikkar i kategori 3 og 4 (mindre alvorlege brot) i same periode, kan likevel unntaksregelen brukast.
- Det ikkje er andre særskilte forhold ved salsstaden som gjer at ordiner søknadsrunde bør gjennomførast.

Skjenkeløyve – Unntaksregelen kan brukast dersom:

- Skjenkeløyve er innvilga med **mindre enn eitt år** igjen av gjeldande løyveperiode, under føresetnad av at det ikkje er tildelt prikkar ved kontroll. Dersom det er tildelt inntil 4 prikkar i kategori 3 og 4 (mindre alvorlege brot) i same periode, kan unntaksregelen likevel nyttast. Det må heller ikkje vere andre forhold ved staden som gjer at ordinær søknadsrunde bør gjennomførast.

7.5.3 Gjennomgang av alkoholpolitikken og informasjon om fornyingsprosessen

Kommunestyret skal ha ein gjennomgang av alkohol- og løyvepolitikken i kommunen etter nytt kommuneval, jf. AL § 1-6 4. ledd. Dette er eit krav for å kunne nytte unntaksregelen i AL § 1-6 3. ledd. Kommunestyret skal ha informasjon om fornyingsprosessen og gjennomgang av alkoholpolitikken innan rimeleg tid etter oppstart av ny løyveperiode. Informasjonen skal også innehalde ei oversikt over alle sals- og skjenkeløyve tildelt eller vidareført for den nye løyveperioden.

7.6 Skjenking av alkohol i kommunale bygg, lokale og institusjonar

Det er **ikkje** tillate med alkoholservering i grunnskular og i kombinerte anlegg for skule og andre føremål, både i kommunal og privat regi, jf. opplæringslova § 9-5 2. ledd. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det i særskilte tilfelle gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosial føremål utanom skuletida.

7.6.1 Vilkår for definisjon av kombinerte skuleanlegg i Øygarden kommune

Skulen skal vere tiltenkt andre målgruppe enn berre elevar

- Eit eige styre skal ha ansvar for drifta av den kombinerte delen av bygget

- Det kombinerte området skal vere ein fast definert del av skulebygget
- Skulen skal romme lokale som er eigna til festlokale/selskapslokale/andre grendahustiltak. Personaldel og ordinere klasserom er ikkje ein del av grendahusdelen.

7.6.2 Unnatak frå skjenkeforbodet

Unnatak frå skjenkeforbodet i kombinerte anlegg for skule og andre føremål, i samsvar med vilkår i pkt. 7.6.1:

- Det kombinerte anlegget for skule og grendahus på Bjorøyna

7.6.3 Barnehagebygg

Det er ikkje tillate med alkoholservering i barnehagebygg. Unnatak er der barnehagar er ein del av eit kombinasjonsbygg med grendahusdel kor barnehagedel og grendahusdel er heilt adskilt.

7.6.4 Alkoholservering i kommunale bygg

Det er tillate med alkoholservering i følgjande kommunale bygg for ikkje-idrettslege arrangement, både opne og lukka arrangement, som ikkje har barn eller unge som målgruppe:

- Øygarden rådhus
- Straume kulturhus (i rådhuset)
- Kommunedelsenter Skogsvåg
- Kommunedelsenter Rong
- Bildøyhallen
- Ågotneshallen
- Sotra Arena
- Sundhallen
- Hjeltefjorden Arena
- Rong kulturhus
- Tidlegare Nest klubbhus – Skålvika
- Løa på Gjerdet Kulturminnegard
- Kommunen sine eigne bygg (eigd/leigd) til lukka arrangement for tilsette som alternativ til å leige eksterne lokale

7.6.5 Avgrensingar og vilkår

Den som søker om skjenking i kommunale bygg må sette i verk tiltak for å beskytte dekke og anna inventar, i samsvar med pålegg frå eigedomsansvarleg. Den som søker om skjenking i kommunale bygg må ha nødvendige forsikringar eller stille nødvendige garantiar for å kunne dekke eventuelle skadar på dekke og anna inventar som måtte oppstå i samband med eit arrangement.

7.6.6 Kommunale institusjonar

Det er gjort slike avgrensingar for skjenking i kommunale institusjonar:

- Det er tillate med alkoholservering av alkoholgruppe 1, 2 og 3 i kommunale institusjonar i samband med lukka arrangement.
- Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 til kommunale institusjonar med ordiner kantine/serveringsdrift. Kantina/serveringsstaden må ha ei målgruppe og ein profil som er retta inn mot dei som bur i institusjonen eller servicebustadane, samt andre med naturleg tilhøyring til institusjonen.

7.7 Delegering

7.7.1 Avgjerdsmynde – Utval for tenester og levekår

Utval for tenester og levekår tek avgjerd i saker som gjeld:

- Tildeling av faste sals- og skjenkeløyve, herunder skjenkeløyve til båt/skip
- Tildeling av faste sals- og skjenkeløyve for ein bestemt del av året
- Fastsetjing av skjenketider
- Inndraging av sals- og skjenkeløyve

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde elles så langt alkohollova/kommunelova tillèt.

7.7.2 Avgjerdsmynde - kommunedirektøren

Avgjerdsmynde som er delegert til kommunedirektøren:

- Kommunedirektøren tek avgjerd om tildeling av løyve for "en enkelt anledning" etter § 1-6 2. ledd
- Kommunedirektøren tek avgjerd om tildeling av ambulerande skjenkeløyve
- Kommunedirektøren tek avgjerd på søknad om utviding av eit eksisterande skjenkeareal for ein enkelt bestemt anledning jf. AL § 4-2 4. ledd
- Kommunedirektøren fastset løyvegebyr
- Kommunedirektøren godkjenner skifte av styrrar og avløysar
- Kommunedirektøren avgjer søknad om fritak frå krav om avløysar
- Kommunedirektøren godkjenner internkontrollrutinar etter alkoholforskriftene kap. 8
- Kommunedirektøren får delegert mynde til å tildele prikkar etter alkoholforskriftene kap. 10.
- Kommunedirektøren får delegert mynde til å godkjenne endringar i nettsalsløyve, som ikkje utløyser krav om nytt løyve, t.d. flytting av utleveringspunkt eller kontor og pakkelokale.
- Kommunedirektøren får delegert mynde til å godkjenne utviding og justeringar av skjenke- og salslokale, som ikkje utløyser krav om nytt løyve.

- Kommunedirektøren tek avgjerd om bruk av unntaksregelen i samband med fornying av sals- og skjenkeløyve, i samsvar med lokalt og sentralt regelverk.